



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for opplæring
Møtestad	Fylkeshuset, Leikanger. Møterom Firda (1. etg.)
Møtedato	25.03.2014
Kl.	kl. 10:00 – 14:00

Faste medlemmer til stades:

Norvall Nøringset (SV)
Gunn Åmdal Mongstad (Sp)
Per Atle Kjøllesdal (Sp)
Nils P. Støyva (Ap)
Karianne Torvanger (Ap)
Henrik Oppen (Ap)
Frida Melvær (H)
Noralv Distad (H)
Alfred Bjørlo (V)

Forfall til møtet:

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Bekka Skaasheim
Fylkeshovudtillitsvald Rune Hovland

Sekretariat for møtet:

Førstekonsulent Merete H. Nornes

Merknader til innkalling og sakliste:

For ettertida vert møtetidspunktet sett til kl. 10:30 ved møte på fylkeshuset.

Utvalet vedtok ope møte.

Møtebok frå 12.02.2014 vart godkjend utan merknader.

Hovudutvalet presiserte at det er viktig at fråværsreglementet ved dei vidaregåande skulane vert handsama likt. Fylkesdirektøren vil kome med ei presisering til dei vidaregåande skulane om dette.

SAK 3/14 Finansiering av utvikling (kjøp) av nytt felles skuleadministrativt system

VEDTAK:

1. For 2014 vert 1,814 mill. kr til å finansiere kostnader ved utvikling (kjøp) av nytt SAS omdisponert frå teneste 5211 Gratis læremiddel til teneste 5151 Fellesutgifter.
2. Omdisponeringa vert handsama som ein del av tertiarapport 1/14.
3. For åra 2015-2017 må finansieringa innarbeidast i budsjett og økonomiplan.

SAK 4/14 Revisjon av forskrift til ordensreglement på dei vidaregåande skulane 2014

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Revidert forskrift til ordensreglement for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane vert vedteken slik den går fram av vedlegg 1.
2. Forskrifta gjeld frå 01.04.2014.
3. Skuleutvalet vedtek revidert ordensreglement for den einskilde skulen, i samsvar med revidert forskrift.
4. Dei vidaregåande skulane skal sende revidert ordensreglement til fylkesdirektøren for godkjenning seinast 01.06.2014.

Endringsframlegg:

Alfred Bjørlo (V) fremma følgjande endringsframlegg :

Saka blir utsett. Utvalet ber om å få ei uttale til saka frå Ungdomspolitisk Utval, og å få klargjort høva fylkeskommunen har til å gjere lokale tilpassingar av lovverket, jmf. siste setning i paragraf 27 av ny lov.

Alfred Bjørlo (V) fremma følgjande alternativ til punkt 1:

1. Revidert forskrift til ordensreglement for dei vidaregåande skulane vert vedteken slik den går fram av vedlegg 1, med følgjande endringar:
 - Paragraf 18: Forbod mot røykbruk i skulen sine lokale og på skulen sine område, heile døgeret
 - Paragraf 19 utgår - dagens praksis med lokal avgjerdsrett på skulane blir vidareført.

Fylkesdirektøren presiserte at datoen i punkt 2 er feil. Rett dato skal vere 01.07.2014. Dette vert retta opp i vedtaket.

Avrøysting:

Det vart røysta over utsettingsframlegget frå Alfred Bjørlo (V):

Alfred Bjørlo (V) røysta for utsettingsframlegget.

Gunn Åmdal Mongstad (Sp), Per Atle Kjøllesdal (Sp), Nils P. Støyva (Ap), Karianne Torvanger (Ap), Henrik Oppen (Ap), Noralv Distad (H) og Frida Melvær (H) og Norvall Nøringset (SV) røysta mot.

Det vart røysta alternativt over framlegg til nytt punkt 1 og framlegget frå fylkesdirektøren. Alfred Bjørlo (V) røysta for endringsframlegget til nytt punkt 1.

Gunn Åmdal Mongstad (Sp), Per Atle Kjøllesdal (Sp), Nils P. Støyva (Ap), Karianne Torvanger (Ap), Henrik Oppen (Ap), Noralv Distad (H) og Frida Melvær (H) og Norvall Nøringset (SV) røysta for framlegget frå fylkesdirektøren.

Punkt 2-4 i tilrådinga til fylkesdirektøren vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Revidert forskrift til ordensreglement for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane vert vedteken slik den går fram av vedlegg 1.
2. Forskrifta gjeld frå 01.07.2014.
3. Skuleutvalet vedtek revidert ordensreglement for den einskilde skulen, i samsvar med revidert forskrift.
4. Dei vidaregåande skulane skal sende revidert ordensreglement til fylkesdirektøren for godkjenning seinast 01.06.2014.

SAK 5/14 Handlingsplan for internasjonalisering i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane, for perioden 2014-2017

VEDTAK:

1. Hovudutval for opplæring vedtek handlingsplanen slik den ligg føre.
2. Tiltak i planen skal finansierast med eksterne midlar, fylkeskommunale bidrag skal vere innanfor den økonomiske ramma for budsjett og økonomiplanperioden 2014- 2017.

SAK 6/14 Innføringsgrupper for minoritetsspråklege elevar

VEDTAK:

1. Fylkesdirektøren får fullmakt til lyse ut og setje i gang innføringsgruppene for minoritetsspråklege ved Sogndal vidaregåande skule, Øyrane vidaregåande skule og Eid vidaregåande skule. Det må vere minimum 5 søkjarar for å setje i gang tilbodet.
2. Ved søknad til vg1 skuleåret etter vil søkjarar med ungdomsrett frå innføringsgruppene ikkje få reservert plass.
3. Innføringsgruppene skal bruke læreplanane i fellesfaga frå vg1 yrkesfag.
4. Innføringsgruppene vert rekna som år 0 og gir difor ikkje rettar etter opplæringslova.
5. Søkjarane må ha karakterar frå grunnskule eller dokumentere fagleg nivå med karakterar ved søking til innføringsgruppene
6. Tilbodet er føresett finansiert innanfor den økonomiske ramma for tenesta 5600 Tilpassa opplæring.

SAK 7/14 Revidert utviklingsplan for pedagogisk-psykologisk teneste for vidaregåande opplæring 2014-2017

VEDTAK:

1. Utviklingsplanen vert vedteken som framlagt.
2. Planen skal evaluerast og rullerast innan desember 2017
3. Iverksetjing av kostnadskrevjande tiltak i utviklingsplanen må skje igjennom budsjett- og økonomiplanarbeidet.

SAK 8/14 Justering av opplæringstilbudet 2014 -2015

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Opplæringstilbudet for skuleåret 2014-2015, vedteke i HO-sak 34/13 vert endra slik:

Det utlyste tilbudet ved Sogndal vidaregåande skule vert endra slik:

- Vidaregåande trinn 2 kokk- og servitør vert ikkje sett i gang
- Vidaregåande trinn 3 idrettsfag vert redusert med ei gruppe
- Vidaregåande trinn 2 helsearbeidarfag vert auka med ei gruppe

Det utlyste tilbudet ved Flora vidaregåande skule vert endra slik:

- Vidaregåande trinn 1 bygg- og anleggsteknikk vert redusert med ei gruppe
- Vidaregåande trinn 1 helse- og oppvekstfag vert redusert med ei gruppe
- Vidaregåande trinn 1 studiespesialisering vert auka med ei gruppe

Det utlyste tilbudet ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert endra slik:

- Vidaregåande trinn 2 helseservicefag vert ikkje sett i gang
- Vidaregåande trinn 2 helsearbeidarfag vert redusert med ei gruppe
- Vidaregåande trinn 1 helse- og oppvekstfag vert auka med ei gruppe

Det utlyste tilbudet ved Eid vidaregåande skule vert endra slik:

- Vidaregåande trinn 2 interiør og utstillingsdesign vert redusert med ei gruppe
- Vidaregåande trinn 1 studiespesialisering - formgjevingsfag vert ikkje sett i gang
- Vidaregåande trinn 1 studiespesialisering vert auka med ei gruppe

2. Hovudutvalet gjev fylkesdirektøren fullmakt til å disponere ei gruppe etter første inntak.
3. Kostnadane knytte til å gje tilbud om 5 t/v programfag i mediefag ved Hafstad vidaregåande skule og Firda vidaregåande skule vert dekte innanfor ramma for opplæringstilbudet.
4. Det blir sett av ressursar tilsvarande to grupper til tilskot til lærebedrifter/vg3 i skule. Desse ressursane kjem i tillegg til grupperessursen som vart avsett i HO-sak 34/13, Opplæringstilbudet for 2014-2015.

Endringsframlegg:

Noralv Distad (H) kom med følgjande endringsframlegg:

Sogndal vidaregåande skule:

Vg1 Teknikk og industriell produksjon auka med ei gruppe.
Vg1 Bygg- og anleggsteknikk redusert med ei gruppe

Avrøysting:

Det vart røysta over endringsframlegget frå Noralv Distad (H):
Noralv Distad (H), Frida Melvær (H) og Alfred Bjørlo røysta for.
Gunn Åmdal Mongstad (Sp), Per Atle Kjøllesdal (Sp), Nils P. Støyva (Ap), Karianne Torvanger (Ap), Henrik Oppen (Ap), Noralv Distad (H) og Frida Melvær (H) og Norvall Nøringset (SV) røysta mot.

Vidare vart det røysta punktvis over fylkesdirektøren sitt framlegg:

- Punkt 1: Samrøystes vedteke
- Punkt 2: Samrøystes vedteke
- Punkt 3: Samrøystes vedteke
- Punkt 4: Samrøystes vedteke

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Opplæringstilbodet for skuleåret 2014-2015, vedteke i HO-sak 34/13 vert endra slik:

Det utlyste tilbodet ved Sogndal vidaregåande skule vert endra slik:

- Vidaregåande trinn 2 kokk- og servitør vert ikkje sett i gang
- Vidaregåande trinn 3 idrettsfag vert redusert med ei gruppe
- Vidaregåande trinn 2 helsearbeidarfag vert auka med ei gruppe

Det utlyste tilbodet ved Flora vidaregåande skule vert endra slik:

- Vidaregåande trinn 1 bygg- og anleggsteknikk vert redusert med ei gruppe
- Vidaregåande trinn 1 helse- og oppvekstfag vert redusert med ei gruppe
- Vidaregåande trinn 1 studiespesialisering vert auka med ei gruppe

Det utlyste tilbodet ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert endra slik:

- Vidaregåande trinn 2 helseservicefag vert ikkje sett i gang
- Vidaregåande trinn 2 helsearbeidarfag vert redusert med ei gruppe
- Vidaregåande trinn 1 helse- og oppvekstfag vert auka med ei gruppe

Det utlyste tilbodet ved Eid vidaregåande skule vert endra slik:

- Vidaregåande trinn 2 interiør og utstillingsdesign vert redusert med ei gruppe
- Vidaregåande trinn 1 studiespesialisering - formgjevingsfag vert ikkje sett i gang
- Vidaregåande trinn 1 studiespesialisering vert auka med ei gruppe

2. Hovudutvalet gjev fylkesdirektøren fullmakt til å disponere ei gruppe etter første inntak.
3. Kostnadane knytte til å gje tilbod om 5 t/v programfag i mediefag ved Hafstad vidaregåande skule og Firda vidaregåande skule vert dekte innanfor ramma for opplæringstilbodet.
4. Det blir sett av ressursar tilsvarande to grupper til tilskot til lærebedrifter/vg3 i skule. Desse ressursane kjem i tillegg til grupperessursen som vart avsett i HO-sak 34/13, Opplæringstilbodet for 2014-2015.

SAK 9/14 Skriv og meldingar 25.3.2014

VEDTAK:

Skriv til orientering:

1. Reglement for dei folkevalde sine arbeidsvilkår – innføring av rutinar, notat frå fylkesrådmannen datert 17.2.14
2. Invitasjon til seminar/regionkonferanse om nasjonal opplæringspolitikk og fylkeskommunalt skoleeierskap, brev frå Østlandssamarbeidet datert feb./mars 2014
3. Skolepolitisk innlegg – redusert Påbyggstilbud i fylket, e-post frå Audun Rojahn Olafsen og Åse Marie Bugten
5. E-post frå Trude Brosvik datert 20.3.14 ang. mobbeombod.

VEDTAK:

Hovudutvalet ber fylkesdirektøren ta kontakt med Utdanningsdirektoratet for å avklare om det kan søkast om midlar til konkrete tiltak ved dei vidaregåande skulane og om det er mogeleg å få utsatt søknadsfristen.

Skriv til drøfting:

4. Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 - Arbeidet med prioritering mellom område/aktivitetar i opplæringssektoren, notat frå fylkesdirektøren datert 17.3.14
